

Haustetilrådingar per 9.sept 2014 (etter prøveuttaking 8.sept)

NLR Sogn og Fjordane avd. Njøs og Sognefrukt har teke ut nye prøvar og gjort vurderingar - litt før kunngjort i sist melding, då me var redd konsekvensane av det varme vèret. Hausting av Summerred og Rau Gravenstein er i gong over heile linja. Det er difor denne gongen kun teke ut prøvar av Raud Aroma/Aroma på ulike stader, samt ein prøve av Rubinstep berre for å sjå utviklinga i denne.

Det varme vèret kan framskunda modninga og med tanke på at Aroma er ein lagrings-sort, så er det viktig å ikkje verta på hælane med haustinga av denne! Hugs at frukta også modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgongar for å få maksimal kvalitet. Grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og ein god indikasjon på modning er at frukta også smakar godt!

Raud Aroma (Aroma)

Det er teke ut prøvar i Fresvik, Feios, på Vangsnes, Leikanger, Slinde, Nornes og Sogndal. Analysetala er litt forvirrande i år, og utviklinga er meir lik på tidlege og seine stader enn vanleg. Turken gjennom sesongen er truleg hovudårsak.

For felt som ikkje er vatna (godt) må ein byrja å plukka ut or mot komande helg. Dette gjeld for tradisjonelt seinare stader; Feios, Vangsnes, Sogndal. Sjølv om epla enno er faste (skal vera 6,5-7,0), så er sukkerinnhaldet på plass (kravet er 11,2) og stivenedbrytinga er godt i gong (skal vera 3-5.). Streif-verdien (skal vera 0,07-0,12) tilseier at epla er hausteklare i slike hagar.

NB! Om det er brukt cerone til blomster-/karttynning så kan ein få litt same effekten som ved lite vatning; altså framskunda modning.

For felt med god/betre vatning tilseier analysetala at epla kan henga litt lenger før plukking, sjølv på ellers tidlege stader som t.d. Leikanger og Slinde. På sistnemde stader kan ein bu seg på å starta utorplukking over helga. Nye prøvar vil bli teke ut på fredag.

Rubinstep

Det er teke ut ein prøve på Slinde for å sjå utviklinga. Epla er framleis knallharde (fastleik 10,46) og søte (11,19). Stivetesting indikerer at epla har mykje å gå på.

Neste prøveuttak blir på fredag 12.september og då kun i Aroma på vanlegvis tidlege stader; dvs. Leikanger og Slinde og evt. Seinare, vatna hagar.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Stine Huseby; 48040498